




VAL

Stortings- og
sametingsvalet 2021

Viktig informasjon til deg som skal røyste

*Valdagen er 13. september.
Hugs å ta med ID!*



Stortings- og sametingsvalet 2021

Kvart fjerde år vel vi kven som skal representere oss på Stortinget. Dei viktigaste oppgåvene til Stortinget er å vedta lover, bestemme statsbudsjettet og kontrollere regjeringa.

Sametinget er det folkevalde parlamentet for det samiske folket i Noreg og er eit sjølvstendig folkevalt organ. Les meir om sametingsvalet på sametinget.no.

I denne brosjyren får du informasjon om valet og korleis du røystar.

Valdagen er måndag 13. september 2021.

I mange kommunar kan du også røyste søndag 12. september. Du kan førehandsrøyste kvar som helst i landet frå 10. august til 10. september. **Hugs legitimasjon!**



Hugs legitimasjon når du røystar

Du må vise legitimasjon når du skal røyste. Legitimasjon kan til dømes vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan også bruke annan type legitimasjon. Legitimasjonen må minst innehalde namn, fødselsdato og bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å stadfeste identiteten din. Den tilsette må då legitimere seg.

Følg smittevernreglar og råd

Det er viktig at du følgjer smittevernreglar og råd som gjeld der du bur.

Hugs å halde avstand og ha god handhygiene når du røystar, og ikkje dra til røystelokalet dersom du er sjuk.

Også veljarar som er sjuke, i isolasjon eller karantene skal få høve til å røyste. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon.



I år får du digitalt valkort

Valkortet er ei stadfesting på at du har røysterett. Der står det også kvar og kva tid du kan røyste på valdagen.

Valkortet blir sendt til din digitale postkasse eller i Altinn. Har du reservert deg mot digital kommunikasjon med det offentlege, eller ikkje har brukt ID-porten på 18 månader, får du valkortet på papir via brevpost.

Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det sparer deg for tid.

Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.



Kven kan røyste?

Du har røysterett ved stortingsvalet dersom du

- er norsk statsborgar
- har fylt 18 år innan utgangen av 2021
- er, eller nokon gong har vore, folkeregistrert som busett i Noreg

Alle som har røysterett, står oppført i manntalet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på om du står i manntalet.



Kvar og kva tid kan du røyste?

Førehandsrøyste kan du gjere frå tysdag 10. august til og med fredag 10. september i kva kommune som helst.

På valdagen må du røyste i kommunen du er folkeregistrert busett i per 30. juni 2021. Du kan røyste i kva som helst av vallokala i kommunen.

Dersom du er i **karantene**, skal du ikkje røyste i ordinære vallokale. Dersom du er i **isolasjon**, skal du røyste heimanfrå. Ta kontakt med kommunen for informasjon om kva som gjeld der du bur.

Er du sjuk eller ufør? Då kan du kontakte kommunen din fram til kl. 10 den 10. september om å **førehandsrøyste heime**.

Kan du ikkje røyste i førehandsrøysteperioden eller på valdagen? Då kan du be kommunen din om å **tidlegrøyste** frå 1. juli.

Det er også mogleg å **røyste frå utlandet** frå 1. juli og fram til og med 3. september.



Slik røystar du

Dersom du røystar utanfor eigen kommune, får du ein røysetesetel med namna på dei registrerte politiske partia. Du må krysse av for kva parti du vil røyste på. Røysetesetelen er utan namn på partia sine kandidatar. Du kan difor ikkje gjere endringar på desse røysetesetlane.

Er ikkje partiet eller gruppa du ønskjer å røyste på oppført på røysetesetelen, kan du skrive namnet på dette partiet/gruppa på røysetesetelen. Du kan også sjølv skaffe røysetesetel frå valdistriktet ditt, og bruke den om du ønskjer å gjere endringar.

Røysta blir sendt til heimkommunen din for oppteljing.




Finn vallokalet ditt på valglokaler.no


Slik røystar du i heimkommunen din



Ta den røysetesetelen du vil bruke.



Gjer eventuelle endringar på røysetesetelen (sjå rettleiing på neste side).




Brett røysetesetelen med partinamnet inn og feltet for stempeling ut – då kan ingen sjå kva du røystar.

Det skal ikkje brukast konvolutt eller anna omslag rundt røysetesetelen.



Gå til ein valfunksjonær, vis legitimasjon og få eit stempel på utsida av røysetesetelen. Røysetesetelen må ha stempel for å bli godkjend!



Legg den stempla røysetesetelen i valurna.


Endringar på røystesetelen

Du kan gjere nokre endringar på røystesetelen. Å gjere endringar på røystesetelen påverkar ikkje kor mykje røysta di tel. Rettleiing for korleis du gjer endringar, står også på røystesetelen.



Endre rekkjefølgja på kandidatane

Set eit (nytt) nummer i ruta til venstre for namnet til kandidaten(-ane) slik at du markerer korleis du vil at rekkjefølgja på kandidatane skal vere.



Stryke kandidatar

Set eit kryss i ruta til høgre for namnet til kandidaten(-ane) du vil stryke.

Hjelp til å røyste i vallokalet

Ta kontakt med ein valfunksjonær dersom du har spørsmål eller treng rettleiing når du skal røyste. Valfunksjonærane har teieplikt.

Har du ei psykisk eller fysisk funksjonsnedsetjing som gjer at du ikkje kan røyste åleine? Då har du rett på å få hjelp til å røyste av ein valfunksjonær eller ein annan person som du sjølv peikar ut.

Kven blir valde?

Ved stortingsval blir det valt 169 representantar til Stortinget fordelte på 19 valdistrikt. 150 av representantane blir valde direkte frå valdistrikta. I tillegg blir det valt 19 utjamningsmandat, eitt frå kvart valdistrikt.

Du finn meir informasjon på valg.no



Utgjeven 2021 av Valdirektoratet.
Publikasjonen finst også på bokmål, samisk og ti framandspråk.

For meir informasjon om valet, sjå **valg.no**